



## Møteprotokoll for Formannskapet i Radøy

**Møtedato:** 22.11.2018  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Ordfører
Jostein Borlaug	AP	Varaordfører
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Vidar Grindheim	H	Christel Villanger Håland - H

---

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 079, 084 og 085,  
kulturrådsgjevar Bente K. Hervik i sak 078, 081 og 082, møtesekretær Arthur Kleiveland

---

Orientering om diakonisatsing: Soknerådsleiar Gunnar Kartveit og representantar frå Radøy sokn orienterte om diakoniplanarbeid og etablering av stilling som diakon.

### Saksliste

Saksnr	Tittel
078/2018	Prioritering av spelemiddelsøknader 2019
079/2018	Forskottering av spelemidlar og meirverdiavgift til garderobe og klubblokale Austmarka kunstgrasbane
080/2018	Søknad om prosjekt- og aktivitetstilskot - Manger skulemusikklag

- 081/2018 Søknad om redusert halleige under Manger cup
- 082/2018 Revidering av retningsliner for kulturmidlar
- 083/2018 Serverings- og skjenkeløyve Pub´N
- 084/2018 Budsjettregulering haust 2018
- 085/2018 Budsjett 2019 - økonomiplan 2019 - 22
- 086/2018 Meldingar og referatsaker
- 087/2018 Søknad om alkoholsal på julafta
- 088/2018 Meldingar og referatsaker

## 078/2018: Prioritering av spelemiddelsøknader 2019

### Behandling:

Kulturrådgjevar Bente K. Hervik orienterte.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### Vedtak:

Radøy kommune prioriterer spelemiddelsøknadene for søknadsrunde 2019 slik:

#### Ordinære anlegg:

Pri.	Anlegg	Søkjær	Søknadssum	Status
1	Radøyhallen, lagerbygg	Radøy kommune	180 000	Fornya
2	Radøyhallen, rehabilitering	Radøy kommune	1 283 000	Fornya
3	25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg	Nordhordland pistolklubb	690 000	Fornya
4	Toalettbygg – Nesvatnet	Radøy kommune	?	Fornya
5	Austmarka, garderobeanlegg	Radøy IL	?	Ny
6	200 meter riflebane med støydempa standplassbygg	Radøy skyttarlag	750 000	Ny

#### Nærmiljøanlegg:

Pri.	Anlegg	Søkjær	Søknadssum	Status
1	Sæbø skule – fleirbruksflate	Radøy kommune	48 000	Fornya
2	Bocciabane – Grønålen	Manger idrettslag	153 000	Fornya
3	Radøy ungdomsskule – balanseline	Radøy kommune	46 000	Fornya

---

## 079/2018: Forskottering av spelemidlar og meirverdiavgift til garderobe og klubblokale Austmarka kunstgrasbane

### Behandling:

Leiar i Radøy idrettsråd, Bjørn Ove Myking, viste til idrettsrådet sin uttale. Han peika samtidig på at idrettsrådet i tide må få saka til handsaming, slik at idrettsrådet sin uttalerett vert overhalde. Økonomisjef Sveinung Kvamme sa at søknaden frå Radøy IL ikkje skil seg vesentleg frå andre tilsvarande søknader. Han viste til at kommunestyret har gitt både lån, garanti for lån, og forskottering av spelemidlar til tidlegare søknader.

Formannskapet vedtok rådmannen si tilråding.

Vedtak:

Radøy kommune forskotterer spelemidler og mva-kompensasjon til Radøy idrettslag, knytt til garderobeanlegg/klubbhus ved Austmarka kunstgrasbane med inntil **kr 2.420.000**.

Det er ein føresetnad at heile det forskotterte beløpet skal betalast attende, uansett storleik på faktisk utbetalt mva-kompensasjon og spelemidler, seinast 31.12.2023. Kompensasjonsbeløpet Radøy idrettslag får overført etter søknad, skal straks og uavkorta overførast Radøy kommune. Radøy kommune skal også kunna halda attende spelemidler i den grad det forskotterte beløpet ikkje blir dekkja fullt ut. Det vert ikkje rekna rente av det forskotterte beløpet.

---

080/2018: Søknad om prosjekt- og aktivitetstilskot - Manger skulemusikklag

Behandling:

Vidar Grindheim (H) ba formannskapet vurdere habiliteten hans på bakgrunn av at han er engasjert i foreldrearbeidet i Manger skulemusikklag og at han er 2. varamedlem til styret i korpset.

Formannskapet kjende Grindheim inhabil, og han deltok ikkje i handsaminga av saka.

Formannskapet hadde ei grundig drøfting av saka, og konkluderte med at det ikkje vil vera i samsvar med retningslinene å innvilga søknaden om prosjekt- og aktivitetstilskot til Mangerfestivalen.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Søknad om tilskot til Mangerfestivalen vert ikkje innvilga.

---

081/2018: Søknad om redusert halleige under Manger cup

Behandling:

Ordførar Jon Askeland ba formannskapet vurdere habiliteten sin på bakgrunn av nært slektskap med styreleiaren i Radøy/Manger FK.

Formannskapet kjende Askeland inhabil, og han deltok ikkje i handsaminga av saka. Varaordførar Jostein Borlaug overtok som møteleiar i denne saka.

Formannskapet drøfta saka, mellom anna om i kva grad arrangementet går med overskot skal ha betydning for vurderinga av søknaden. Det vart peika på at situasjonen ville vore annleis dersom Mangercupen hadde vore terminfesta i Hordaland fotballkrets sin regi. Formannskapet konkluderte med at søknaden om redusert halleige ikkje er i samsvar med vedtekne retningslinjer. Samtidig vart det vist til at laga vil få betydeleg reduserte kostnader ved at kommunen no innfører gratis leige i idrettshallen og bassenga i Radøyhallen for idrettslag tilknytt Radøy idrettsråd og for aktivitetar for born og unge (0-19 år).

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Radøy/Manger fotballklubb får ikkje avslag i leigeprisen for Radøyhallen for gjennomføring av Manger cup utover at dei får låna ungdommens hus gratis.

---

**082/2018: Revidering av retningsliner for kulturmidlar**

**Behandling:**

Kulturrådgjever Bente K. Hervik orienterte om framlegg til reviderte retningsliner for kulturmidlar.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Utkast til reviderte retningsliner for kulturmidlar vert vedtatt slik dei ligg føre.

---

**083/2018: Serverings- og skjenkeløyve Pub´N**

**Behandling:**

Else Marie Skartveit Dale (KrF) gjorde det klart at ho av prinsipielle grunnar røystar mot framlegget.

Formannskapet vedtok med 6 mot 1 røyst (KrF) rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

I medhald av Lov om serveringsvirksomhet og Lov om omsetning av alkoholholdig drikk godkjenner formannskapet i Radøy følgjande:

1. Pub´N (org.nr 917656282) får tildelt serveringsløyve i serverings- og selskapslokale til Pub´N, organisasjonsnummer 917656282, Radøyvegen 2552, 5937 Bøvågen, innandørs areal 150 m2 og utandørs areal 85 m2, med opningstid måndag til torsdag og søndag kl. 12.00-01.00, og fredag og laurdag frå kl. 12.00-02.00.
2. Pub´N (org.nr 917656282) får tildelt skjenkeløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 i serverings- og selskapslokale til Pub´N, organisasjonsnummer 917656282, Radøyvegen 2552, 5937 Bøvågen med innandørs areal på 150 m2 og utandørs areal på 85 m2 i tilknytning til nemnde lokale for perioden fram til 30.06.2020.
3. Skjenketider gitt Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholholdig drikke

vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016 skal følgjast.

4. Styrar for løyvet er Arve Martin Haugland f. 20.06.64 og stedfortredar er Kenneth Morten Kvamme f. 07.01.70. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde. Ved større arrangement føreset ein det er eit tilstrekkeleg antal synleg merka vakter.
5. Tilsette kan ikkje konsumera og/ eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
6. Det vert sett som vilkår at styrar for løyvet har bestått etablerarprøven og at styrar og stedfortredar har bestått kunnskapsprøven i alkohollova innan 31.12.2018.
7. Styrar for løyvet er ansvarleg for at utearealet for servering og skjenking må ha god avskjerming.
8. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva serverings- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.
9. Løyvehavar pliktar å melde frå til Radøy kommuen om endringar ved serverings- og skjenkestaden.
10. Oversikt over skjenka volum for alkoholhaldig drikk gruppe 1,2 og 3 skal sendast til kommunen kvart år innan utgangen av februar året etter.

---

#### 084/2018: Budsjettregulering haust 2018

##### Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte i saka. Han sa at dei fleste sektorar held seg innanfor budsjett, men at driftskostnadane totalt sett har auka. Mellom anna gjer høgare straumprisar eit ikkje utbetydeleg utslag. Det påvirkar også drifta at leige av paviljong til Manger skule må dekkast over drift og ikkje investering. Ekstra behov for styrka tiltak på Omsut vil også medføra auka driftskostnader, men førebels er det ikkje avklart kor mykje det blir.

Økonomisjefen peika på at budsjettreguleringa blir dekkja ved utbetalingar frå havbruksfondet.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### Vedtak:

Driftsbudsjettet for 2018 vert justert i samsvar med følgande forenkla skjema 1a og 1b:

Ramme for drifta (skjema 1a)	Budsjett 2018	Regulering	Regulert budsjett
Skatt på inntekt og formue	(120 601 000)	617 000	(119 984 000)
Rammetilskot	(170 058 000)	(2 448 000)	(172 506 000)

Eigedomsskatt	(15 197 000)		(15 197 000)
Generelle statstilskot	(16 375 500)	(14 944 000)	(31 319 500)
Renteinntekter og utbytte	(4 987 000)		(4 987 000)
Renteutgifter	5 765 000	288 000	6 053 000
Avdragsutgifter	9 015 000		9 015 000
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>(312 438 500)</b>	<b>(16 487 000)</b>	<b>(328 925 500)</b>
<b>Drift (skjema 1b)</b>			
Stab og fellestenester	20 137 793	1 158 000	21 295 793
Oppvekst	121 679 275	1 899 000	123 578 275
Helse og omsorg	133 097 599	917 000	134 014 599
Drift og forvaltning	35 561 122	1 236 000	36 797 122
<b>Sum drift</b>	<b>310 475 789</b>	<b>5 210 000</b>	<b>315 685 789</b>
<b>Netto</b>	<b>(1 962 711)</b>	<b>(11 277 000)</b>	<b>(13 239 711)</b>

Investeringsbudsjettet for 2018 vert justering i samsvar med følgjande foreknla skjema 2a og 2b:

#### Investering skjema 2A og 2B

##### Skjema 2A

Bruk av fond overført drift	500 000
Finansiering av fond	-638 000
Bruk av fond helsehuset	-460 000
Mva-komp inntekt	3 228 000
Bruk av lån	23 700 000
<b>Sum skjema 2A</b>	<b>26 330 000</b>

##### Skjema 2B

Digitalisering byggesaksarkiv	-1 100 000
Oppgradering fasade Helsehuset + SD anlegg	
Sæbø skule uteområde	800 000
Solhall utvida del 2018	10 406 000
Utstyr teknisk drift overført til drift	-500 000
Vassprosjekt iht plan	-2 275 000
Avløpsprosjekt iht plan	-15 000 000
Paviljong Manger skule	-1 500 000
Radøyhallen ytterlegare	100 000
Prestegardshagen/tingstova	-1 640 000
Oppgradering Radøy ungdomsskule	-700 000
Austebygd småbarnsavd	-2 794 000
Bø barnehage nybygg	-9 600 000
Sæbø barnehage vognskur	-70 000
Velferdssenteret oppgradering	-1 000 000
Oppgradering omsorgsbustader	-3 500 000
IKT Nh	-300 000

Kjøp bilar	843 000
<b>Sum skjema 2B</b>	<b>-26 330 000</b>

085/2018: Budsjett 2019 - økonomiplan 2019 - 22

**Behandling:**

Ungdomsrådet sitt innspel til budsjett 2019 vart sendt ut på e-post til formannskapet før møtet.

Ordførar Jon Askeland presenterte budsjettinnspel frå fleirtalskoalisjonen (SP, AP, KRF). Kenneth Taule Murberg (H) sette fram Høgre sine innspel. Etter drøftingar vart det semje i formannskapet om eit felles framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan. Budsjettet vert lagt ut på høyring og skal handsamast endeleg i kommunestyret torsdag 13. desember.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-22:  
*Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-22 vert vedteke med følgjande endringar:*

		Auke/Red		Tekst
<b>Driftsbudsjettet</b>				
<b>1. Saldering</b>				
Bruk av ubunde driftsfond	-kr	2 000 000		
Bruk av integreringsfond	-kr	530 000		
	-kr	2 530 000		
<b>Kostnad</b>				
Reasfaltering	kr	2 000 000		Plan godkjennast av formannskapet.
Auka bemanning biblioteket	kr	100 000		Føresett plan for strilabiblioteket
Gratis SFO for funksjonshemma 5.-7.klasse	kr	180 000		
Nord- og midthordland sogelag, søknad	kr	100 000		
Radøy FK oppstarttilskot	kr	150 000		Fordelast aldersbestemt og senior
Sum/balanse	kr	-		
<b>Investeringsbudsjettet</b>				
Saldering, auka låneramme	kr	1 400 000		
Oppgradering Radøyhallen -	kr	100 000		Rådmannen



idrettshallen tak/veggar. Planmidlar

kjem tilbake  
med plan

Posten tursti kr 100 000

Solendfjellet/klopper/rekkverk/sikring, auke

Oppgradering Nøtleivågvegen kr 1 000 000

Prestegarden, auka ramme for innvendig oppgradering Dugnadsbasert

Ballbinge Sæbø skule rehabiliterast

Investeringar økonomiplanen	2020	2021	2022
-----------------------------	------	------	------

Mindre investeringar	-1500000	-1500000	
----------------------	----------	----------	--

Trafikksikring (Viktig at trafikksikring viser i økonomiplanen)	1500000	1500000	
---	---------	---------	--

#### Det vart også sett fram følgjande fellesframlegg til verbalpunkt i budsjett 2019:

- Kommunestyret ønskjer at BOF vurderer å etablere og drifta toalett ved badeplassen på Toskavegen.
- Kommunestyret ønskjer ein investeringsplan for RIB
- Kommunestyret ønskjer at det vert vurdert eigen inngang til helsestasjonen og betrafunksjonaliteten på venterommet på helsehuset.
- Kommunestyret ber om kostnadsutgreiing for utetreningssapparat ved turløypa/ungdomsskulen, til revidert budsjett.
- Regelverket for fond må reviderast første kvartal 2019.
- Kommunestyret ynskjer yttarlegare satsing på symjeundervisinga, og ber om aktuelle tiltak.
- Kommunestyret ber om at det vert vurdert fadderordning for vedlikehald av turløyper.
- Radøy kommune vil ta initiativ til å byggja ein sterk kultur inn i Alver kommune, som i størst mogleg grad inviterer til samarbeid med lokale bedrifter og næringsliv.
- Radøy kommune ber at det i Alver kommune vert sett på vilkåra for skuleskyss i høve kriteriana for farleg og ekstra farleg skuleveg.
- Kommunestyret ber adm. og idrettsrådet vurdere tilskotsordning til vèrskur eller andre publikumstiltak ved fotballbanene.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022, med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

#### Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-22 vert vedteke med følgjande endringar:

	Auke/Red	Tekst
Driftsbudsjettet		
1. Saldering		
Bruk av ubunde driftsfond	-kr 2 000 000	

Bruk av integreringsfond	-kr	530 000	
	-kr	2 530 000	
<b>Kostnad</b>			
Reasfaltering	kr	2 000 000	Plan godkjennast av formannskapet.
Auka bemanning biblioteket	kr	100 000	Føresett plan for strilabiblioteket
Gratis SFO for funksjonshemma 5.-7.klasse	kr	180 000	
Nord- og midthordland sogelag, søknad	kr	100 000	
Radøy FK oppstarttilskot	kr	150 000	Fordelast aldersbestemt og senior
Sum/balanse	kr	-	
Investeringsbudsjettet			
Saldering, auka låneramme	kr	1 400 000	
Oppgradering Radøyhallen - idrettshallen tak/veggar. Planmidlar	kr	100 000	Rådmannen kjem tilbake med plan
Posten tursti Solendfjellet/klopper/rekkverk/sikring, auke	kr	100 000	
Oppgradering Nøtleivågvegen	kr	1 000 000	
Prestegarden, auka ramme for innvendig oppgradering	kr	200 000	Dugnadsbasert
Ballbinge Sæbø skule rehabiliterast			
<b>Investeringar økonomiplanen</b>			<b>2020</b> <b>2021</b> <b>2022</b>
Mindre investeringar			-1500000 -1500000
Trafikksikring (Viktig at trafikksikring viser i økonomiplanen)			1500000 1500000

Det vart også sett fram følgjande fellesframlegg til verbalpunkt i budsjett 2019:

- Kommunestyret ønskjer at BOF vurderer å etablere og drifta toalett ved badeplassen på Toskavegen.
- Kommunestyret ønskjer ein investeringsplan for RIB
- Kommunestyret ønskjer at det vert vurdert eigen inngang til helsestasjonen og betra funksjonaliteten på venterommet på helsehuset.
- Kommunestyret ber om kostnadsutgreiing for utetreningssapparat ved turløypa/ungdomsskulen, til revidert budsjett.
- Regelverket for fond må reviderast første kvartal 2019.
- Kommunestyret ynskjer yttarlegare satsing på symjeundervisinga, og ber om aktuelle tiltak.
- Kommunestyret ber om at det vert vurdert fadderordning for vedlikehald av turløyper.
- Radøy kommune vil ta initiativ til å byggja ein sterk kultur inn i Alver kommune, som i størst mogleg grad inviterer til samarbeid med lokale bedrifter og næringsliv.

- Radøy kommune ber at det i Alver kommune vert sett på vilkåra for skuleskys i høve kriteria for farleg og ekstra farleg skuleveg.
- Kommunestyret ber adm. og idrettsrådet vurdere tilskotsordning til vèrskur eller andre publikumstiltak ved fotballbanene.

---

#### 086/2018: Meldingar og referatsaker

##### Behandling:

Regionrådet: Varaordførar orienterte frå møte i Regionrådet i Nordhordland.

Aufera: Vidar Grindheim (H) som er styremedlem i Aufera, orienterte om arbeidet med å få nye og framtidsetta lokale til bedrifta.

Julebidrag: Ordførar Jon Askeland tok opp spørsmål om å gje eit "julebidrag" til eldsjeler som har gjort ein flott og viktig innsats over lang tid. Formannskapet gav si tilslutning til forslaget.

Næringsmøte: Kenneth Taule Murberg (H) meiner ordførar og formannskapet må ta initiativet til eit næringsmøte, der lokale bedrifter og næringsliv kan få drøfta viktige spørsmål med kommunen.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som kom fram i møte.

##### Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

---

#### 087/2018: Søknad om alkoholsal på julafta

##### Behandling:

Rådmann Jarle Landås orienterte og sa at det vil vera nødvendig med ei forskriftsendring dersom søknaden om sal av øl i butikk på julafta skal innvilgast.

Formannskapet drøfta saka grundig.

##### Det vart sett fram følgjande fellesframlegg:

Formannskapet tek innspelet frå daglegvarebutikkane på alvor. Kommunen vil spela på lag med næringslivet, og er avhengig av innspel. Likevel er det slik at sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldige drikke i Radøy kommune er regulert som forskrift utan rom for dispensasjon. Dette følgjer av lovverket. §2,e lyder følgjande: "Det er ikkje tillate med sal og utlevering av alkoholhaldige drikkevarer på julafta". Forskrifta opnar ikkje for å dispensera frå regelverket. Formannskapet har

såleis ikkje høve til å handsama søknaden for 2018, til det kom innspelet for seint. Endring av forskrifta kan sjåast på i første halvår av 2019, og formannskapet ser gjerne at butikkane bidreg med tal som dokumenterer omsetnadsutvikling.

Formannskapet vedtok fellesframlegg sett fram i møtet.

#### Vedtak:

Formannskapet tek innspelet frå daglegvarebutikkane på alvor. Kommunen vil spela på lag med næringslivet, og er avhengig av innspel. Likevel er det slik at sal, skjenking og opningstider for alkoholhalding drikke i Radøy kommune er regulert som forskrift utan rom for dispensasjon. Dette følgjer av lovverket. §2,e lyder følgjande: "Det er ikkje tillate med sal og utlevering av alkoholhaldige drikkevarer på julafta". Forskrifta opnar ikkje for å dispensera frå regelverket. Formannskapet har såleis ikkje høve til å handsama søknaden for 2018, til det kom innspelet for seint. Endring av forskrifta kan sjåast på i første halvår av 2019, og formannskapet ser gjerne at butikkane bidreg med tal som dokumenterer omsetnadsutvikling.

---

#### 088/2018: Meldingar og referatsaker

##### Behandling:

Denne meldingssaka vart sendt ut i samband med tilleggsinnkalling til formannskapet.

Ordførar Jon Askeland viste til uttalen frå Regionrådet i Nordhordland, der det i utviklingsplanen for Helse Vest vert understreka behovet for eit godt samspel med kommunane. Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering.

#### Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tatt til orientering.

---